

Rotary kulturprisvinnar

1987

Kjell Børge Moe



Kjell Børje Moe er fødd 10.11.1944 i Ørebro i Sverige. Begge foreldre er norske. Frå Ørebro flytte dei til Brandval i Solnør der dei var busett. Kjell Børje va r lensmannsaspirant 2 ved Vang (Hamar) og deretter politiskulen. I tillegg til politiskulen i 1968-69 har han og befalskole Hærens MP og ei rekke kurs innan politiet. Etter endt utdanning vart han tilsett ved Haram lensmanns- kontor i 1969 til 2001 då han valgte å bli stasjonert ved Ålesund politistasjon. Kjell Børje Moe var aktiv idrettsmann på "heimlege" trakter i yngre år og i den tida han gjekk på politiskulen. Han har fleire førstepremiar i stafett frå den tid. Han var aktiv med i 800m, 1500m, 3000m løp og har kretsmesterskap og individuelle sigrar frå den tid. Han har vore med i orientering og militær femkamp og han tok Idretts- merkestatuetten i 1985.

Kjell Børje Moe frå Brattvåg får Brattvåg Rotary sin kulturpris for 1987.

I juryen sin kjennelse står det:

Han er og har vore ein einsleg drivar av den vesle, men aktive friidrettsgruppa i Brattvåg Idrettslag.

Entusiastisk og med "gåpå humør", har han så langt ein kjenner til, stått føre både opplegg og trening, og har vore med i aktive på konkuransar. Gruppa er lita, men fleire av desse har oppnådd flotte resultat, både lokalt og nasjonalt.

Han har ein eigen evne til å samle dei unge rundt seg. Han spelar på lag med dei, og er som

ein god, men bestemt kamerat. Han trener også handball-lag, både i Brattvåg og Sjøvik. Hans virke er ikkje berre konsentrert i Brattvåg.

Vi trur og meiner at ei slik påskjøning som Brattvåg Rotary sin kulturpris, vil virke både oppmuntrande og stimulerande, når arbeidet hans blir heidra på denne måten. Han spelar på lag med dei og gruppa kan vise til mange gode resultat. Han trenar og eit jentelag i Brattvåg og Norborg sitt damelag og har ein eigen evne til å samle dei unge rundt seg. Kjell Børje Moe har eit "gå på humør" og står for både trening og opplegg sjølv i tillegg til at han er med på konkurransane. Rotary meiner det er slike eldsjeler og peikar på at slike ikkje veks på tre. Dei håper at denne påskjøninga vil verke stimulerande og oppmutrande på det arbeidet han legg ned. Kjell Børje Moe har ikkje berre vore med i friidrett og trena handballag. Han har mellom anna og vore med i svømmeklubben i Brattvåg der han både har vore trenar og formann. I friidrettskrinsen har han site i styret nokre år. I seks år har han vore ansvarleg for idrettsleirar i Haram som blir halde for born i alderene frå 11 til 15 år. Frå 1986 vart han regionsjef i Møre og Romsdal Friidrettskrins og medlem i fylkesutvalet. Med bakgrunn i det som styret har skaffa av "bevis" for hans innsats, finn styret at prisen skal gå til Kjell Børje Moe, som dei meiner er ein verdig kulturarbeider. Styret vil med denne prisen heidre han i takksemnd for alt han har gjort og framleis gjer.

I høve prisutdeling hadde Brattvåg Rotary ei festleg tilstelling på Våghall der alle gjestane vart ynskt velkomne av president Erling Naas.

Brattvåg skulekorps med drilljentene sine innleia festen.

Presidenten hadde ei orientering om kulturprisen og om vilkår for den. Han meinte at ein her hadde funne ein kandidat som oppfylte og stetta alle krav til kulturprisen. Ei ståande forsamling gjorde det ekstra høgtidleg då presidenten overleverte det synlege bevis på kulturprisen.

Kjell Børje Moe takka Brattvåg Rotary for kulturprisen og dei gode ord han har fått for innsatsen sin i idrettsarbeidet mellom barn og unge. Han la til at eg ser ikkje på prisen som ein heider til meg sjølv, men som ei aksepter ing av idrett som kultur. Moe meinte at denne prisen i like stor grad var til dei aktive som til han og han peika på at idretten treng merksemd. Idretten er viktig. Dei unge lærer seg sjølvdisiplin og å setje seg mål. Det betyr ikkje at nødvendigvis at alle må vere nummer ein. Han hadde treffe mykje fin ungdom og dei som enkelte meiner er "ramp", syner seg ansvarsmedvitne når dei får høve til det.

Der etter gav han ordet til Birger Lilleheim. Lilleheim frå Møre og Romsdal Idrettskring overrekte krinsen sin vimpel for Moe sin innsats. Han kunne helse frå formannen i krinsen og seie at det kunne vere fleire prisar i løypa dersom han "heldt koken".

Det vart mykje blommar og helsingar til Kjell Børje Moe denne kvelden og det var ein populær prisvinnar som vart heidra av ein fullsett sal. Handballjentene hadde laga ein song som tydeleg gav uttrykk for kva dei meinte om trenaren sin. "Petrus" stilte opp med song der teksten var skriven av Kirsten Haugerud. Kari Hildrestrand las prolog og overrekte eit bilete frå den første krinsmeisterskapen gruppa var med på.